



Verksemdsplan

for

Storfjorden kyrkjelege fellestråd

2021

Visjon: *Meir himmel på jorda*

Storfjorden kyrkjelege fellestråd vil verkeleggjere visjonen ved å:

1. *legge til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i kyrkjelydane*
2. *fremje samarbeid med kyrkjelydane og sokneråda*
3. *forvalte eigedomane; kyrkjene og kyrkjegardane på ein god og tenleg måte*
4. *vere ein profesjonell arbeidsgjevar for tilsette*

Kyrkja er ein viktig ressurs for å skape gode lokalsamfunn prega av nærleik, omsorg, identitet og kultur. Ho er ein sentral bidragsytar for at enkeltmenneske skal fatte mot og meining, tru og engasjement. Ei livskraftig kyrkje gjer bygdene våre til ein betre stad å bu.

Om Storfjorden kyrkjelege fellesråd

Storfjorden kyrkjelege fellesråd skal vere eit tilgjengeleg serviceorgan for kyrkjelydane, eit profesjonelt forvaltingsorgan for kyrkjene og kyrkjegardane i Fjord og Stranda kommunar og ein god arbeidsgjevar for dei tilsette.

Grunnlag

Storfjorden kyrkjelege fellesråd er heimla i Trussamfunnslova og Gravferdslova, og er eit sjølvstendig offentleg organ på lik line med kommune og stat. Storfjorden kyrkjelege fellesråd kom i funksjon frå 1.12.2011 og fekk prosjektperioden utvida ut 2019. Ny prosjektperiode frå 01.01.2020 dekkjer fellesrådet sokna i Fjord og Stranda kommunar ut år 2023.

Storfjorden kyrkjelege fellesråd:

- Arbeider på vegne av kyrkjelydane i Fjord og Stranda kommunar.
- Er arbeidsgjevar for tilsette utanom prestane, som utgjer 9,5 årsverk.
- Verksemda omfattar 7 kyrkjer og 9 kyrkjegardar.
- I 2021 har fellesrådet eit driftsbudsjett på om lag 9,6 million kroner og eit investeringsbudsjett på om lag kr. 0,8 millionar kroner. Fellesrådet sin økonomi er i hovudsak basert på overføringar frå kommunane.
- I tillegg kjem overføringar frå bispedømet og staten til trusopplærarstillingar. Stønaden var i 2020 kr.581.000.
- Fellesrådet har også inntekter frå festeavgifter og andre inntekter på kyrkjegardane, leigeinntekter og gåveinntekter.
- Fellesrådsområdet har pr. 01.01.21. 7000 innbyggjarar. Av desse er 5333 medlemmer i Den norske kyrkja (76 %). Fordelinga på kvar kommune er slik for 2020 og 2021: Fjord: 2039 - 2019. Stranda: 3336 - 3315.
- Gravplassane er til for alle innbyggjarane, uansett tru- eller livssyn.

Samordning sokneråda og fellesrådet:

Fellesrådet er eit strategisk samhandlingsorgan både mellom sokna og for kontakten mellom sokna og kommune, samt sørge for gode rammevilkår slik at sokna kan løyse oppgåvene sine på ein tilfredsstillande måte.

Fellesrådet sitt ansvar er "positivt avgrensa", dvs. at oppgåvene det har ansvar for, er eintydig definert i Kirkeordning for Den norske kyrkje § 17:

«Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

Kirkelig fellesråd er ansvarlig for

- a. bygging, drift og vedlikehold av kirker,*
- b. anlegg, drift og forvaltning av gravplasser,*
- c. opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellesrådets budsjett,*
- d. anskaffelse og drift av kirkekontor,*
- e. administrativ hjelp for prostene når kirkens virksomhet nasjonalt yter tilskudd til det,*
- f. anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.»*

Kyrkja og kommunen

Kommunen sitt økonomiske ansvar for kyrkja er regulert i den nye Lov om Trus- og Livssynssamfunn § 14:

«Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.

Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i kirkebygg og tilhørende varige driftsmidler.»

At kommunen løyver midlar til desse utgiftene, betyr at løyvingane til kyrkja ikkje har karakter av vanleg tilskot, men at kommunen har ei særskild forplikting til å sikre den lokale kyrkja ein stabil økonomi. I rundskriv frå KKD, V-5/2002 blir samhandlinga mellom kyrkje og kommune utdjupa på følgjande måte:

- Kyrkja og kommunen har generelt samanfallande mål: - å betre livskvaliteten for kommunen sine innbyggjarar. Det er eit nasjonalt mål at den kristne kulturarven og det kristne verdigrunnlaget skal haldast levande i samfunnet.
- Den nærleik mellom kyrkje og kommune inneber at liksom kommunen skal leggje til rette for infrastruktur, bustader, kommunale velferdstenester m.m. til beste for innbyggjarane, slik skal kommunen også gje tenlege rammevilkår for kyrkja si verksemd.

Fellesrådet

Fellesrådet sine oppgaver vidare etter Kirkeordning for Den norske kyrkje § 17:

- Kyrkjeleg fellesråd tilset og har arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette som vert lønna over fellesrådet sitt budsjett. Før tilsetjing og fastsetjing av instruks skal vedkommande sokneråd få høve til å uttale seg.
- Kyrkjeleg fellesråd kan gi mynde til sokneråd til å utøve tilsetjingmynde og andre arbeidsgjevarfunksjonar for stillingar der dette elles ville liggje til fellesrådet.
- Kyrkjeleg fellesråd kan også tildele utval (Partsammensett utval) som nemnt i § 41 første ledd mynde til å foreta tilsetjing og treffe avgjerder i saker som gjeld forholdet mellom sokna eller soknet som arbeidsgjevar og dei tilsette.
- Kyrkjeleg fellesråd forvaltar inntekter og formue knytt til kyrkje og kyrkjefond, midlar som vert løyvde av kommunen eller staten, og midlar sokneråd stiller til fellesrådet sin disposisjon for å løyse oppgaver i sokna. Reglar om budsjettordning, rekneskapsføring og revisjon vert gitt av kyrkjemøtet.
- Kyrkjeleg fellesråd utfører elles dei oppgaver som det til ei kvar tid er pålagt av kyrkjerådet eller kyrkjemøtet, eller som etter avtale blir overførte frå det enkelte sokneråd.

Eit overordna formål med Storfjorden kyrkjelege fellesråd si verksemd er å leggje til rette for at sokneråda kan utføre sitt oppdrag etter Kirkeordning for Den norske kyrkje § 12.

Samansetjinga av Storfjorden kyrkjelege fellesråd:

1. Kvart av dei 6 sokna Stordal, Norddal, Liabygda, Stranda, Sunnlyven og Geiranger vel eitt (1) av sine soknerådsmedlemar som representant til det interkommunale fellesrådet. For

kvar av desse representantane skal det også veljast personlege varamedlemar, ein frå kvart sokn. Mellom representantane frå sokneråda skal det veljast leiar og nestleiar av det interkommunale fellesrådet.

2. Kvar av kommunane vel ein (1) representant til fellesrådet. For kvar av desse representantane skal det også veljast personlege varamedlemar, ein for kvar kommune.
3. Biskopen oppnemner ein representant til det interkommunale fellesrådet. Dette vil i utgangspunktet vere prosten. Biskopen utnemner også ein vararepresentant, i utgangspunktet ein av sokneprestane i fellesrådsområdet.
4. Kyrkjeverja skal vere sekretær for fellesrådet.
5. Dei representantane som er lista opp ovanfor, vil til saman utgjere Storfjorden kyrkjelege fellesråd.

Medlemene i fellesrådet er valde for 4 år, og det er årleg val på leiar av fellesrådet mellom dei faste medlemene i rådet.

Utval under fellesrådet:

Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet får mandat frå det fellesrådet til å utgreie ulike saker på vegne av fellesrådet. Arbeidsutvalet har ikkje vedtaksmynde i enkeltsaker, der dette ikkje spesifikt er gitt i mandatet frå fellesrådet. Arbeidsutvalet skal setjast saman av leiar og nestleiar i rådet og prosten. Kyrkjeverja er sekretær for arbeidsutvalet.

Administrasjonsutval:

Administrasjonsutvalet er eit partsamansett utval som handsamar saker som gjeld forholdet mellom arbeidsgjevar og dei tilsette. Administrasjonsutvalet er samansett av 3 representantar frå dei folkevalde i fellesrådet og to representantar frå dei tilsette. Det skal også veljast minimum to varamedlemar for fellesrådsmedlemene, og ein vara for dei tilsette. Kyrkjeverja er sekretær for administrasjonsutvalet. Mellom medlemene frå fellesrådet skal det veljast leiar og nestleiar for administrasjonsutvalet.

Reglar om sakshandsaming, møtegjennomføring og andre verksemdsreglar som gjeld for kyrkjeleg fellesråd, gjeld også tilsvarande for Storfjorden kyrkjelege fellesråd.

Forhandlingsutvalet forhandlar løn for dei tilsette i lokale forhandlingar. Dei medlemene som representerer arbeidsgjevar i administrasjonsutvalet, er også forhandlingsutval.

Verneombod og tillitsvald er vald av og mellom tilsette i Storfjorden kyrkjelege fellesråd.

Sokneråda

Kyrkja si grunneining er soknet. Alt arbeid som vert utført av tilsette og frivillige har som føremål å yte eller leggje til rette for å vekke og nære det kristelige liv i soknet. Dette gjeld både rådsmedlemar, andre frivillige og tilsette.

Soknerådet si oppgåve skal vere retta mot å vekkje og nære det kristne livet i soknet. Fellesrådet og tilsette skal vere med og leggje til rette for at slikt kan skje.

Soknerådet sitt oppdrag er formulert i Kirkeordning for Den norske kyrkje § 12 på følgjande måte:

- *«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»*

- *Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.*
- *Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt. Regler om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon gis av Kirkemøtet. Avgjørelse om opprettelse av stillinger skal godkjennes av kirkelig fellesråd.*
- *Menighetsrådet medvirker ved tilsetting i kirkelige stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.*
- *Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.*
- *Menighetsrådet forbereder og gir innstilling til avgjørelse i alle saker som legges frem for menighetsmøtet, jf. § 13, eller som menighetsmøtet selv tar opp.*
- *Menighetsrådet gir hvert år menighetsmøtet en orientering om det kristelige arbeidet i soknet.*
- *Menighetsrådet skaffer til veie de opplysninger og gir de uttalelser som kirkelig myndighet ber om.»*

Sokneråda er samansett på fylgjande måte:

Tal medlemar i sokneråda:

Stordal: 6 medlemar, 5 varamedlemar.

Norddal: 6 medlemar, 5 varamedlemar.

Liabygda: 4 medlemar, 5 varamedlemar.

Stranda: 6 medlemar, 5 varamedlemar.

Sunnylven: 8 medlemar, 5 varamedlemar.

Geiranger: 4 medlemar, 5 varamedlemar.

Soknepresten i kvart sokn er medlem av vedkomande sokneråd.

Arbeidet i sokna:

Dei mange oppgåver og utfordringar i kyrkjelydane må løysast i samarbeid mellom sokneråd og fellesråd. Fellesrådet skal legge til rette for at sokneråda kan vere godt rusta til å vekkje og nære det kristelige liv i sokna.

Viktige oppgåver for sokna:

- Gudstenester og variert gudstenesteliv med involvering av alle generasjonar og kulturelle ressursar lokalt. Prestar, organistar, kyrkjetenarar, klokkarar og frivillige medarbeidarar syter for dette.
- Trusopplæring etter vedtekne trusopplæringsplan. Aktivitetar for barn og unge i alderen 0-18 år (inkludert konfirmantarbeidet). Tittelen på rammeplanen for trusopplæringa er: «Gud gir – vi deler»
- Diakoni som inkluderer m.a. barn, unge, eldre, sjuke, funksjonshemma og invandrarar/asylsøklarar. Kyrkjemøtet har vedteke rammeplanen for diakoni, og sokna har ansvar for å utarbeide lokale diakoniplanar.
- Rekruttering og oppfølging av frivillige. For at kyrkjelydane skal kunne ivareta sine mange oppgåver, trengst det både lønna og ulønna medarbeidarar.
- Musikk og kultur. Samarbeid mellom kyrkja / organistane og det lokale kultur- og musikklivet er sentralt i dette arbeidet. Årleg vert det halde fleire konsertar i kyrkjene våre

der lokale utøvarar står sentralt, eller er medarrangørar/arrangørar for konsertane. Det er utarbeidd regelverk i samband med utleige av kyrkjene til konsertar o.l.

- Møte menneske i kyrkjene og på kyrkjegardane. Kyrkjetenarar/kyrkjegardsarbeidarar og andre tilsette i kyrkja er ofte i kontakt med menneske/publikum på ulikt vis.
- I samarbeid med fellesrådet sørge for vedlikehald og drift av kyrkja og kyrkjegardane.

Personale:

Storfjorden kyrkjelege fellesråd har mange tilsette i deltidsstillingar. For å kunne gje auka stillingsprosentar har fleire fått samansette funksjonar i stillinga si. Fellesrådet vil framstå som ein god arbeidsgjevar med ryddige rutinar for å gje dei tilsette gode og stabile arbeidsforhold.

Kyrkjeverja har den daglege oppfølginga av tilsette.

Administrasjonen skal vere ein ressurs for kyrkjelydane i personalforvaltninga. Administrasjonen består av kyrkjeverje, to rådgjevarar og ein sekretærar.

Bemanninga i fellesrådet pr. 01.01.21:

- 18 tilsette i 9,5 årsverk, fordelt på kyrkjelydane, kyrkjene, kyrkjegardane og administrasjonen.
- Ein har desse tilsette: to trusopplærarar, tre kantorar, fire kyrkjetenarar, to kyrkjegardsarbeidarar, kyrkjeverje, to rådgjevarar, ein sekretærar, tre reinhaldarar. I tillegg leiger vi inn ein kateket og ein medhjelpar i konfirmantundervisinga.
- Det er tre prestestillingar knytt til fellesrådsområdet, som har bispedømet som arbeidsgjevar.

Leiargruppe som består av kyrkjeverje, rådgjevar for økonomi, rådgjevar for kyrkjebygg og kyrkjegardar, leier det daglege arbeidet i fellesrådet i samarbeid med sokneprestane.

Administrasjonen:

Kontor

Hovudkontoret for Storfjorden kyrkjelege fellesråd ligg på Stranda, i Stranda kyrkjestove. I tillegg er det kyrkjekontor i Hellesylt og i Valldal.

Økonomi

Fellesrådet skal kunne forvente at budsjett og rekneskap er utarbeidd til fastsett tid i samsvar med lover og reglar, og at dei fortløpande får god økonomisk informasjon for å gjere vedtak. Rådgjevar for økonomi har fått delegert økonomiansvaret frå kyrkjeverja og har den daglege oppfølginga av økonomien.

Fellesrådet er eiga juridisk eining, og har dermed sjølvstendig ansvar for økonomien og at økonomistyringa fylgjer dei reglar og retningslinjer som gjeld.

Hovudtyngda av driftsmidlar og investeringsmidlar er løysingar gitt av kommunane, men noko midlar får ein også frå staten via bispedømet. Noko er også gåver og innsamla midlar.

Arkiv

Fellesrådet sitt arkiv inneheld saksarkiv og personalarkiv, og frå 2020 tok ein i bruk Public360 digitale arkiv.

IKT

Fellesrådet leiger serverplass og brukarhjelp gjennom Kirkepartner. Løysinga er webbasert og krev lite kapasitet på den enkelte maskin. Fagprogramma er som før; Kardinal og Gravlund.

Bygg og eigedom:

Kyrkjer

Det er 7 kyrkjer i fellesrådsområdet. 6 av 7 er listeførte som verneverdige av Riksantikvaren. Ein har ei kyrkje i kvart sokn, men to i Norddal.



Norddal kyrkje vart bygd i 1782. Kyrkja er ei åttekanta trekyrkje og listeført av Riksantikvaren. Dette er den eldste kyrkja i prostiet. Norddal kyrkje også kalla Dale kyrkje. Kyrkja ligg på garden Dale i bygda Norddal på sørsida av fjorden. Kyrkja har eit rikt inventar frå fleire hundreår. Altartavla i koret er det største klenodiet. Det består av eit altarskap med dører frå 1510-20 som er laga i Lubeck i Nord Tyskland.

Kyrkja har om lag 270 sitjeplassar



Sylte kyrkje vart bygd i 1863, og restaurert i 2000. Det er ei langkyrkje bygd i tre. Den er listeført av Riksantikvaren. Sylte kyrkje er den andre kyrkja i Norddal. Den ligg i Valldal sentrum. Kyrkja har eit stort våpenhus med eit åttekanta tårn over. Byggverket er i tømmer med utvendig liggende bordkledning.

Kyrkja har 350 sitjeplassar.



Stordal kyrkje ligg i Stordal sokn. Ho er bygd i tre og blei oppført i 1907. Til 100 års jubileet vart kyrkja vakkert måla opp att innvendig. Kyrkja har langplan og er listeført av Riksantikvaren. Altarringen i kyrkja er uvanleg nok ikkje rund, men tresida, truleg eit symbol på Treiinga. Arkitekt Jens Z.M. Kielland leverte teikningar til den nye kyrkja i Stordal. Gamle Stordal kyrkje «Rosekyrkja» var blitt for liten og i dårleg stand. Denne vart seinare kjøpt av Fortidsminneforeininga slik at ho skulle vernast for framtida.

Kyrkja har 270 sitjeplassar.



Geiranger kyrkje stod ferdig i 1842, eitt år etter at den gamle kyrkja på staden brann ned.

Kyrkja, som er oppført i lafta tømmer av Hans Klippe, er åttekanta av grunnplan, ei form som vart vanleg for kyrkjebygg på Sunnmøre mot slutten av 1700-talet. Til 100 årsjubileet blei Alter, alterring, preikestol, korskilje, nummertavler og ny ramme rundt altartavla skore av Einar Flydal og dekorert av Lars Tynes i nybarokk-stil med element av norrøn ornamentikk etter teikningar av Per Vigeland.

Kyrkja har 114 sitjeplassar.




Sunnylven kyrkje, som vart innvigd i 1859, er ei langkyrkje med smalare kor og med takryttar over våpenhuset i vest. Kyrkja er bygd i utvendig panela laft etter teikningar av kaptein Rolfsen frå Nordfjordeid, og er listeført på Riksantikvaren si liste.. Formene er henta frå typeteikningar av arkitektane Linstow og Grosch. Kyrkja ligg høgt og fritt over Hellesylt sentrum
I kyrkjerommet er det flat himling, og det er søyler og lav korsranke mellom koret og skipet. Interiøret er måla i fleire gråtonar med detaljering i raudbrunt. Denne fargesettinga vart gjort av Per Vigeland i 1934, då kyrkja vart pussa opp og fekk mykje nytt inventar.

Kyrkja har 440 sitjeplassar.



Stranda kyrkje, eller *Sløgstad kyrkje*, er ei åttekanta kyrkje i tettstaden Stranda i Stranda kommune Kyrkja er frå 1838 og er bygd i treverk (tømmer) og er listeført på Riksantikvaren si liste. Knut S. Øye var byggjeleiar
I 1904 gjennomgjekk kyrkja ei omfattande istandsetting, blant anna vart koret panelt, vindauga gjort større og benkane skifta ut. I 1927 vart koret utvida og sakristi bygd til.

Kyrkja har 220 sitjeplassar.



Liabygda kyrkje er ei langkyrkje i Liabygda i Stranda kommune. Kyrkja er frå 1917 og er bygd i treverk (tømmer). Arkitekt var Henry Bucher. Dette er den einaste kyrkja som ikkje er på Riksantikvaren si liste.
Teologistudent Lars Lied tok aktivt del i utsmykkinga av kyrkja, med lysekronefrå Paris og Berlin og lykter frå Lyon og Brussel.. I 1989-90 vart kyrkja restaurert med m.a. tilbygg ved hovudinngang (dels i skipet si fulle breidde) for toalett og ny tårntrapp, bårerom og vaskerom for gravar i kjellaren.
Til 100-årsjubileumet i 2017 var kyrkja måla innvendig i nye fargar, og stjernehimmlen i koret kom tilbake til det opphavlege.

Kyrkja har 165 sitjeplassar.

Kyrkjegardar

I fellesrådsområdet har ein 10 kyrkjegardar. 7 av kyrkjegardane ligg i tilknytning til kyrkjene, medan Sunnylven og Stranda har i tillegg kyrkjegardar på Jogardsbøen og Ødegård, og i Stordal kyrkjegarden ved Rosekyrkja. Denne er freda som kulturminne og skal ikkje brukast til nye graver.

Gravferdsmyndighet

Fleire av kyrkjegardane er store, men har likevel behov for nye graver. Det hastar med utviding av kyrkjegarden i Valldal. Der vil det verte vanskeleg å få doble graver frå 2022/23. Det betyr at ektefeller vil ikkje kunne verte gravlagde saman. Det pågår omregulering av kyrkjegarden ved Sunnylven kyrkje. I tillegg må vi starte opp prosess med utviding på Ødegård gravplass i Stranda. Det er ønskjeleg å lage minnelundar på gravplassane, og vil prioritere Stranda i første omgang. Der er areal teikna inn då Ødegård gravplass vart bygd.

Investeringsprosjekt og større tiltak i 2021 i høve vedteken økonomiplan:

Søknadane til kommunane om investeringsmidlar var til fylgjande:

Kommune	Kyrkje	Tiltak	2021
Fjord	Stordal	Utvendig måling	800.000
Fjord	Norrdal	Trinnfri tilkomst (overført midlar frå 2020)	500.000
Fjord	Sylte	Utviding kyrkjegard og servicebygg	500.000
Fjord	Norrdal	Sprinkelanlegg / vanntåkeanlegg	900.000
Stranda	Stranda	Restaurere orgel	450.000
Stranda	Stranda	Utvendig måling	200.000
Stranda	Sunnylven	Utvendig måling	250.000
Stranda	Sunnylven	Omregulering kyrkjegard	50.000
Stranda	Stranda	Oppussing sakrestiet	50.000
Stranda	Geiranger	Parkering, fast dekke, avleiing av vatn	70.000

Tilskot og prioriteringar i 2021:

For 2021 har kommunane bevilga tilsaman kr. 800.000 til investeringar, som fellesrådet sjølv kan prioritere bruken av. Samt kr. 500.000 frå Fjord til trinnfri tilkomst i Norrdal kyrkje, som er overført frå 2020. Så tiltaka etter økonomiplanen vil vere vanskeleg å innfri.

I tillegg har fellesrådet nytta høvet til å søkje på statlege midlar til vedlikehald av eldre kyrkjer, spesifikt til utskifting av el-anlegg og/eller gamle røromnar, og til «klimaskall-behandling». Stranda og Geiranger kyrkjer i vårt område står på lista over kyrkjer som kan få slike midlar. Desse tiltaka har ein eigenandel på 40%, så får vi tildelt midlar frå Riksantikvaren så må investeringsmidlane frå Stranda kommune nyttast. I Fjord kommune vil vi prioritere utvendig måling av Stordal kyrkje, i tillegg til dei prosjekta som er i gang ved Norrdal kyrkje og Valldal kyrkjegard, som vi fortset å jobbe med overfor kommunen.

Vi har tenesteytingsavtale med Stranda kommune, som stiller med ressursar ved graving saman med våre eigne kyrkjegardsarbeidarar, plenslått på alle kyrkjegardane og låner ut utstyr etter behov. I kyrkjegardane i Fjord kommune vert graving og plenslått m.m. utført av eigne tilsette.

Tiltak 2021:

- Gjennomføre investeringane etter kommunane sine løyvingar
- Gjennomføre nødvendig vedlikehald etter dei ressursane ein har tilgjengeleg.
- Brannberedskap, HMS og smittevern
- Rekruttering av frivillige medarbeidarar
- Rekruttering til giverteneste til barne- og ungdomsarbeidet i sokna
- Felles kyrkjeblad
- Kompetanseheving/opplæring av tilsette. Utvikle kompetanseplan.

Årshjul for faste saker i fellesrådet

JANUAR

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
Januarmøtet i fellesrådet	Utarbeide framlegg til årsbudsjett ut frå endeleg tildelt driftstilskot frå kommunane. Utarbeide verksemdplan Vedta årsbudsjettet og verksemdplan	Rådgjevar økonomi Kyrkjeverje Fellesrådet møte 02.02.21

FEBRUAR

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
Saksførebuing	Skrive framlegg til årsmelding	Kyrkjeverje
Saksførebuing	Slutføre årsrekneskapen	Rådgjevar økonomi

MARS

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
1. mars	Vedta årsmelding og årsrekneskap	Fellesrådet møte 09.03.21

APRIL

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
April	Møte soknerådsleiarar	Kyrkjeverje og AU
April / mai	Presentere SKF for kommunestyre eller formannskap	Leiargruppa

MAI / JUNI

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
Junimøtet til fellesrådet	Utarbeide framlegg til økonomiplan/handlingsplan for komande 4 år	Rådgjevar økonomi
Junimøtet til fellesrådet	Vedta økonomiplan/handlingsplan for komande 4 år	Fellesrådet møte 08.06.21

SEPTEMBER

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
Septembermøtet til fellesrådet	Utarbeide framlegg til kommunane om driftstilskot for komande år/framlegg til årsbudsjett for komande år	Rådgjevar økonomi
Septembermøtet til fellesrådet	Vedta budsjettframlegg som grunnlag for søknad om driftstilskot frå kommunane.	Fellesrådet møte 14.09.21
Fellesmøte FR og sokneråd	Ta opp aktuelle temaer	Fellesrådet og kyrkjeverje

OKTOBER

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
Budsjettsamtalar med kommunane	Møte kommuneleiinga om budsjettsøknadar	Kyrkjeverje og rådgjevar økonomi

NOVEMBER

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
01.01 Første år i ein periode: 01.12.	Val av leiar og nestleiar	Fellesrådet møte 09.11.21
	Vurdering av året som har gått Mål og planar for neste år	Fellesrådet, stabane Fellesrådet og sokneråda

Organisasjonskart

Organisering av Den Norske Kyrkja i Storfjorden Fellesrådsområde.

